

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSDIREKTIV (EU) 2017/2398

2019/EØS/83/42

av 12. desember 2017

om endring av direktiv 2004/37/EF om vern av arbeidstakarane mot risiko ved å vere utsett for kreftframkallande eller arvestoffskadelege stoff i arbeidet(*)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen, særleg artikkel 153 nr. 2 bokstav b) jamført med artikkel 153 nr. 1 bokstav a),

med tilvising til framlegget frå Europakommisjonen,

etter oversending av utkast til regelverksakt til dei nasjonale parlamenta,

med tilvising til fråsegn frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet⁽¹⁾,

etter samråd med Regionutvalet,

etter den ordinære regelverksprosedyren⁽²⁾ og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/37/EF⁽³⁾ tek sikte på å verne arbeidstakarane mot helse- og tryggleiksriskoane som følgjer av eksponering for kreftframkallande eller arvestoffskadelege stoff på arbeidsplassen. I det nemnde direktivet er det fastsett eit einsarta nivå for vern mot risiko som er knytt til kreftframkallande og arvestoffskadelege stoff, gjennom ei ramme med allmenne prinsipp som skal gjere det mogleg for medlemsstatane å sikre ein konsekvent bruk av minstekrava. Bindande grenseverdiar for eksponering i arbeidet der verdiane er fastsette på grunnlag av tilgjengelege opplysningar, medrekna vitenskaplege og tekniske data, økonomisk gjennomføringsevne, ei grundig vurdering av sosioøkonomiske verknader og tilgjengelege protokollar og teknikkar for å måle eksponering på arbeidsplassen, er viktige delar av dei allmenne tiltaka for vern av arbeidstakarar som er innførte ved det nemnde direktivet. Dei minstekrava som er fastsette i det nemnde direktivet, tek sikte på å verne arbeidstakarane på unionsplan. Medlemsstatane kan fastsetje strengare bindande grenseverdiar for eksponering i arbeidet.
- 2) Grenseverdiar for eksponering i arbeidet er ein del av risikohandsaminga i medhald av direktiv 2004/37/EF. Etterlevinga av desse grenseverdiarne rører ikkje ved andre plikter som arbeidsgjevarane har i medhald av det nemnde direktivet, særleg når det gjeld reduksjon av bruken av kreftframkallande og arvestoffskadelege stoff på arbeidsplassen, førebygging eller reduksjon av eksponeringa av arbeidstakarar for kreftframkallande eller arvestoffskadelege stoff, og tiltak som bør gjennomførast for dette føremålet. I den grad det er teknisk mogleg, bør slike tiltak omfatte utskifting av det kreftframkallande eller arvestoffskadelege stoffet med eit stoff, ei stoffblanding eller ein prosess som ikkje utgjer nokon fare eller er mindre farleg for helsa til arbeidstakarane, bruk av eit lukka system eller andre tiltak som tek sikte på å redusere eksponeringsnivået for arbeidstakarane. I denne samanhengen er det avgjerande at det vert teke omsyn til føre var-prinsippet der det finst uvisse.
- 3) For dei fleste kreftframkallande og arvestoffskadelege stoff er det ikkje vitenskapleg mogleg å fastsetje grenser for kor høg eksponeringa kan vere før skadeverknader oppstår. Sjølv om fastsetjinga av grenseverdiar for kreftframkallande og arvestoffskadelege stoff på arbeidsplassen i medhald av dette direktivet ikkje vil fjerne all risiko for helsa og tryggleiken til arbeidstakarane som følgje av eksponering i arbeidet (attverande risiko), medverkar dette likevel til ein monaleg reduksjon av dei risikoane som følgjer av slik eksponering, gjennom ein stegvis og målmedviten metode i medhald av direktiv 2004/37/EF. For andre kreftframkallande og arvestoffskadelege stoff er det vitenskapleg mogleg å fastsetje grenser for kor høg eksponeringa kan vere før det kan ventast at skadeverknader oppstår.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 345 av 27.12.2017, s. 87, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 129/2019 av 8. mai 2019 om endring av EØS-avtalens vedlegg XVIII (Helse og sikkerhet på arbeidsplassen, arbeidsrett og lik behandling av menn og kvinner), ennå ikkje kunngjort.

⁽¹⁾ TEU C 487 av 28.12.2016, s. 113.

⁽²⁾ Haldning frå Europaparlamentet av 25. oktober 2017 (enno ikkje offentleggjort i TEU) og rådsavgjerd av 7. desember 2017.

⁽³⁾ Europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/37/EF av 29. april 2004 om vern av arbeidstakarane mot risiko ved å vere utsett for kreftframkallande eller arvestoffskadelege stoff i arbeidet (sjette særdirktiv i medhald av artikkel 16 nr. 1 i direktiv 89/391/EØF) (TEU L 158 av 30.4.2004, s. 50).

- 4) Dei øvre grenseverdiane for eksponering av arbeidstakarane for visse kreftframkallande eller arvestoffskadelege stoff er fastsette ved verdiar som i medhald av direktiv 2004/37/EF ikkje må overskridast. Desse grenseverdiane bør reviderast, og det bør fastsetjast grenseverdiar for fleire kreftframkallande og arvestoffskadelege stoff.
- 5) På grunnlag av gjennomføringsrapportar som medlemsstatane legg fram kvart femte år i medhald av artikkel 17a i rådsdirektiv 89/391/EØF⁽⁴⁾, skal Kommisjonen vurdere gjennomføringa av den rettslege ramma for helse og tryggleik på arbeidsplassen, medrekna direktiv 2004/37/EF, og skal, der det er naudsynt, melde frå til dei relevante institusjonane og til Det rådgjevande utvalet for helse og tryggleik på arbeidsplassen (ACSH) om initiativ som kan betre verkemåten til denne ramma, og om naudsynt kome med eigna framlegg til regelverk.
- 6) Dersom det er naudsynt, bør dei grenseverdiane som er fastsette i dette direktivet, reviderast i lys av tilgjengelege opplysningar, mellom anna nye vitenskaplege og tekniske data og kunnskapsbaserte former for beste praksis, teknikkar og protokollar for måling av eksponeringsnivå på arbeidsplassen. Dersom det er mogleg, bør desse opplysningane omfatte data om attverande risiko for helsa til arbeidstakarane og fråsegner frå Vitskapsutvalet for yrkeshygieniske grenseverdiar (SCOEL) og ACSH. Opplysningar om attverande risiko, som vert gjorde offentleg tilgjengelege på unionsplan, er verdfulle for det framtidige arbeidet med å avgrense risiko for eksponering for kreftframkallande og arvestoffskadelege stoff i arbeidet, mellom anna ved revisjon av dei grenseverdiane som er fastsette i dette direktivet. Det bør oppmodast til større grad av innsyn i slike opplysningar.
- 7) Ettersom det manglar einsarta data om eksponering for stoff, er det naudsynt å sikre tilstrekkeleg helseovervaking for å verne arbeidstakarar som er eller risikerer å verte eksponerte. Difor bør det vere mogleg å halde fram med eigna helseovervaking av arbeidstakarar ettersom resultatane av den vurderinga som er nemnd i artikkel 3 nr. 2 i direktiv 2004/37/EF, viser at det er ein risiko for helsa eller tryggleiken deira, òg etter at eksponeringa er over, dersom lækjaren eller styresmakta med ansvar for helseovervakinga tilrår dette. Slik overvaking bør utførast i samsvar med nasjonal rett eller praksis i medlemsstatane. Artikkel 14 i direktiv 2004/37/EF bør difor endrast for å sikre slik helseovervaking for alle arbeidstakarar som det gjeld.
- 8) For å sikre at arbeidstakarane er trygge og vert tekne hand om på ein god måte må medlemsstatane samle inn eigna og einsarta data frå arbeidsgjevarane. Medlemsstatane skal gje Kommisjonen opplysningar til bruk i dei rapportane. Kommisjonen skal utarbeide om gjennomføringa av direktiv 2004/37/EF. Kommisjonen, som alt støttar beste praksis når det gjeld datainnsamling i medlemsstatane, bør eventuelt gjere framlegg om ytterlegare betringar når det gjeld den datainnsamlinga som krevst i medhald av direktiv 2004/37/EF.
- 9) Direktiv 2004/37/EF krev at arbeidsgjevarane nyttar eksisterande eigna framgangsmåtar for å måle eksponeringsnivåa for kreftframkallande og arvestoffskadelege stoff på arbeidsplassen, ettersom SCOEL i tilrådingane sine nemner at det er mogleg å overvake eksponeringa ved alle tilrådde grenseverdiar for eksponering i arbeidet og alle tilrådde biologiske grenseverdiar. Betre og meir likeverdige metodar for å måle konsentrasjonen av kreftframkallande og arvestoffskadelege stoff i luft, sett i høve til dei grenseverdiane som er fastsette i direktiv 2004/37/EF, er viktig for å styrkje dei pliktene som er fastsette i det nemnde direktivet, og for å sikre eit einsarta og høgt nivå for helsevern for arbeidstakarar og like konkurransevilkår i heile Unionen.
- 10) Dei endringane av vedlegg III til direktiv 2004/37/EF som er fastsette i dette direktivet, er eit første steg i ein meir langsiktig prosess for å ajourføre det førstnemnde direktivet. Som eit neste steg i denne prosessen har Kommisjonen gjort framlegg om å innføre grenseverdiar og merknader om hudrisiko for ytterlegare sju kreftframkallande stoff. I meldinga si av 10. januar 2017, «Safer and Healthier Work for All — Modernisation of the EU Occupational Safety and Health Legislation and Policy», slo dessutan Kommisjonen fast at direktiv 2004/37/EF skal endrast ytterlegare. Kommisjonen bør arbeide stendig vidare med å ajourføre vedlegg III til direktiv 2004/37/EF, i tråd med artikkel 16 i det nemnde direktivet og innarbeidd praksis. Når det er relevant, bør dette arbeidet føre til framlegg til framtidige revisjonar av dei grenseverdiane som er fastsette i direktiv 2004/37/EF og i dette direktivet, og til framlegg til ytterlegare grenseverdiar.

⁽⁴⁾ Rådsdirektiv 89/391/EØF av 12. juni 1989 om iverksetting av tiltak som forbedrer arbeidstakernes sikkerhet og helse på arbeidsplassen (TEF L 183 av 29.6.1989, s. 1).

- 11) For å sikre eit best mogleg vernenivå må det takast omsyn til andre opptaksveggar for alle kreftframkallande og arvestoffskadelege stoff, medrekna eit eventuelt opptak gjennom huda.
- 12) SCOEL hjelper Kommissjonen med å identifisere, vurdere og gje detaljerte analysar av nyaste tilgjengelege vitenskaplege data, og med å gjere framlegg til grenseverdiar for eksponering i arbeidet for å verne arbeidstakarar mot kjemiske risikoar, som skal fastsetjast på unionsplan i medhald av rådsdirektiv 98/24/EF⁽⁵⁾ og direktiv 2004/37/EF. Når det gjeld dei kjemiske agensane o-toluidin og 2-nitropropan, fanst det ingen tilgjengelege tilrådingar frå SCOEL i 2016, og difor er andre offentleg tilgjengelege kjelder for påliteleg vitenskapleg informasjon vortne vurderte.
- 13) Grenseverdiane for monomeren av vinylklorid og støv frå harde tresortar, som er fastsette i vedlegg III til direktiv 2004/37/EF, bør reviderast i lys av nyare vitenskaplege og tekniske data. Skiljet mellom støv frå harde tresortar og støv frå mjuke tresortar bør vurderast nærmare når det gjeld grenseverdien som er fastsett i det nemnde vedlegget, i samsvar med tilrådingane frå SCOEL og Det internasjonale senteret for kreftforskning.
- 14) Blanda eksponering for fleire ulike tresortar er svært vanleg, noko som gjer det vanskeleg å vurdere eksponeringa for kvar einskild tresort. Arbeidstakarar i Unionen er ofte eksponerte for støv frå mjuke og harde tresortar, noko som kan føre til symptom og sjukdom i andingsorgana, med risiko for kreft i nase og biholer som den mest alvorlege helseskadelege verknaden. Difor bør det fastsetjast at dersom støv frå harde tresortar vert blanda med støv frå andre tresortar, bør grenseverdien som er fastsett for støv frå harde tresortar i vedlegget, gjelde for støv frå alle tresortar som finst i stoffblandinga.
- 15) Visse seksverdige kromsambindingar oppfyller kriteria for klassifisering som kreftframkallande (kategori 1A eller 1B) i samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1272/2008⁽⁶⁾, og er difor kreftframkallande stoff slik det er definert i direktiv 2004/37/EF. På grunnlag av tilgjengelege opplysningar, medrekna vitenskaplege og tekniske data, er det mogleg å fastsetje ein grenseverdi for seksverdige kromsambindingar som er kreftframkallande stoff slik det er definert i direktiv 2004/37/EF. Difor bør det fastsetjast ein grenseverdi for desse seksverdige kromsambindingane.
- 16) Når det gjeld seksverdig krom, kan ein grenseverdi på 0,005 mg/m³ vere lite føremålstenleg, og kan i nokre sektorar vere vanskeleg å oppnå på kort sikt. Difor bør det innførast ein overgangsperiode der det bør nyttast ein grenseverdi på 0,010 mg/m³. I særlege situasjonar der arbeidsaktiviteten omfattar sveise- eller plasmaskjeringsprosessar eller liknande prosessar som fører til røyk, bør det nyttast ein grenseverdi på 0,025 mg/m³ i denne overgangsperioden, og deretter bør den allment gjeldande grenseverdien på 0,005 mg/m³ nyttast.
- 17) Visse eldfaste keramiske fibrar oppfyller kriteria for klassifisering som kreftframkallande (kategori 1B) i samsvar med forordning (EF) nr. 1272/2008, og er difor kreftframkallande stoff slik det er definert i direktiv 2004/37/EF. På grunnlag av tilgjengelege opplysningar, medrekna vitenskaplege og tekniske data, er det mogleg å fastsetje ein grenseverdi for eldfaste keramiske fibrar som er kreftframkallande stoff slik det er definert i direktiv 2004/37/EF. Difor bør det fastsetjast ein grenseverdi for desse eldfaste keramiske fibrane.
- 18) Det finst tilstrekkeleg dokumentasjon på at respirabelt støv av krystallinsk silisiumdioksid har kreftframkallande eigenskapar. På grunnlag av tilgjengelege opplysningar, medrekna vitenskaplege og tekniske data, bør det fastsetjast ein grenseverdi for respirabelt støv av krystallinsk silisiumdioksid. Respirabelt støv av krystallinsk silisiumdioksid som vert danna som følgje av ein arbeidsprosess, er ikkje omfatta av klassifiseringa i samsvar med forordning (EF) nr. 1272/2008. Difor bør arbeid som inneber eksponering for respirabelt støv av krystallinsk silisiumdioksid som vert danna som følgje av ein arbeidsprosess, førast opp i vedlegg I til direktiv 2004/37/EF, og det bør fastsetjast ein grenseverdi for respirabelt støv av krystallinsk silisiumdioksid («respirabel fraksjon») som bør reviderast, særleg med tanke på talet på eksponerte arbeidstakarar.

⁽⁵⁾ Rådsdirektiv 98/24/EF av 7. april 1998 om vern av helsa og tryggleiken til arbeidstakarar mot risiko i samband med kjemiske agensar på arbeidsplassen (fjortande særdirktiv i medhald av artikkel 16 nr. 1 i direktiv 89/391/EØF) (TEF L 131 av 5.5.1998, s. 11).

⁽⁶⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1272/2008 av 16. desember 2008 om klassifisering, merking og emballering av stoffer og stoffblandingar, om endring og oppheving av direktiv 67/548/EØF og 1999/45/EF, og om endring av forordning (EF) nr. 1907/2006 (TEU L 353 av 31.12.2008, s. 1).

- 19) Retningslinjer og døme på god praksis som er utarbeidde av Kommisjonen, medlemsstatane, partane i arbeidslivet eller ved andre initiativ, til dømes dialogen mellom partane i arbeidslivet om avtala om helsevern for arbeidstakarane gjennom god handtering og bruk av krystallinsk silisiumdioksid og produkt som inneheld dette (NEPSi), er verdfulle og naudsynte verkemiddel som kan utfylle dei lovgjevingsmessige tiltaka, og som særleg kan støtte ei effektiv etterleving av grenseverdiane, og dei bør difor takast tilbørleg omsyn til. Dei omfattar mellom anna tiltak for å hindre eller minimere eksponering, til dømes ved fukting av støv for å hindre at respirabelt støv av krystallinsk silisiumdioksid vert luftbore.
- 20) Etylenoksid oppfyller kriteria for klassifisering som kreftframkallande (kategori 1B) i samsvar med forordning (EF) nr. 1272/2008, og er difor eit kreftframkallande stoff slik det er definert i direktiv 2004/37/EF. På grunnlag av tilgjengelege opplysningar, medrekna vitskaplege og tekniske data, er det mogleg å fastsetje ein grenseverdi for dette kreftframkallande stoffet. SCOEL har påvist ein risiko for eit vesentleg opptak av etylenoksid gjennom huda. Difor bør det fastsetjast ein grenseverdi for etylenoksid, med ein merknad om risikoen for eit vesentleg opptak gjennom huda.
- 21) 1,2-epoksypropan oppfyller kriteria for klassifisering som kreftframkallande (kategori 1B) i samsvar med forordning (EF) nr. 1272/2008, og er difor eit kreftframkallande stoff slik det er definert i direktiv 2004/37/EF. På grunnlag av tilgjengelege opplysningar, medrekna vitskaplege og tekniske data, er det mogleg å fastsetje eit eksponeringsnivå som utgjer ei grense for kor høg eksponeringa for det kreftframkallande stoffet kan vere før det kan ventast at skadeverknader oppstår. Difor bør det fastsetjast ein grenseverdi for 1,2-epoksypropan.
- 22) Akrylamid oppfyller kriteria for klassifisering som kreftframkallande (kategori 1B) i samsvar med forordning (EF) nr. 1272/2008, og er difor eit kreftframkallande stoff slik det er definert i direktiv 2004/37/EF. På grunnlag av tilgjengelege opplysningar, medrekna vitskaplege og tekniske data, er det mogleg å fastsetje ein grenseverdi for dette kreftframkallande stoffet. SCOEL har påvist ein risiko for eit vesentleg opptak av akrylamid gjennom huda. Difor bør det fastsetjast ein grenseverdi for akrylamid, med ein merknad om risikoen for eit vesentleg opptak gjennom huda.
- 23) 2-nitropropan oppfyller kriteria for klassifisering som kreftframkallande (kategori 1B) i samsvar med forordning (EF) nr. 1272/2008, og er difor eit kreftframkallande stoff slik det er definert i direktiv 2004/37/EF. På grunnlag av tilgjengelege opplysningar, medrekna vitskaplege og tekniske data, er det mogleg å fastsetje ein grenseverdi for dette kreftframkallande stoffet. Difor bør det fastsetjast ein grenseverdi for 2-nitropropan.
- 24) o-toluidin oppfyller kriteria for klassifisering som kreftframkallande (kategori 1B) i samsvar med forordning (EF) nr. 1272/2008, og er difor eit kreftframkallande stoff slik det er definert i direktiv 2004/37/EF. På grunnlag av tilgjengelege opplysningar, medrekna vitskaplege og tekniske data, er det mogleg å fastsetje ein grenseverdi for dette kreftframkallande stoffet. Difor bør det fastsetjast ein grenseverdi for o-toluidin, med ein merknad om risikoen for eit vesentleg opptak gjennom huda.
- 25) 1,3-butadien oppfyller kriteria for klassifisering som kreftframkallande (kategori 1A) i samsvar med forordning (EF) nr. 1272/2008, og er difor eit kreftframkallande stoff slik det er definert i direktiv 2004/37/EF. På grunnlag av tilgjengelege opplysningar, medrekna vitskaplege og tekniske data, er det mogleg å fastsetje ein grenseverdi for dette kreftframkallande stoffet. Difor bør det fastsetjast ein grenseverdi for 1,3-butadien.
- 26) Hydrazin oppfyller kriteria for klassifisering som kreftframkallande (kategori 1B) i samsvar med forordning (EF) nr. 1272/2008, og er difor eit kreftframkallande stoff slik det er definert i direktiv 2004/37/EF. På grunnlag av tilgjengelege opplysningar, medrekna vitskaplege og tekniske data, er det mogleg å fastsetje ein grenseverdi for dette kreftframkallande stoffet. SCOEL har påvist ein risiko for eit vesentleg opptak av hydrazin gjennom huda. Difor bør det fastsetjast ein grenseverdi for hydrazin, med ein merknad om risikoen for eit vesentleg opptak gjennom huda.
- 27) Brometylen oppfyller kriteria for klassifisering som kreftframkallande (kategori 1B) i samsvar med forordning (EF) nr. 1272/2008, og er difor eit kreftframkallande stoff slik det er definert i direktiv 2004/37/EF. På grunnlag av tilgjengelege opplysningar, medrekna vitskaplege og tekniske data, er det mogleg å fastsetje ein grenseverdi for dette kreftframkallande stoffet. Difor bør det fastsetjast ein grenseverdi for brometylen.

- 28) Dette direktivet styrkjer vernet av helsa og tryggleiken til arbeidstakarar på arbeidsplassen. Medlemsstatane bør innarbeide dette direktivet i nasjonal rett. Dei bør sikre at personalet til dei rette styresmaktene får tilstrekkeleg med opplæring og andre ressursar som er naudsynte for at dei skal kunne utføre oppgåvene sine og gjennomføre dette direktivet på ein korrekt og effektiv måte, i samsvar med nasjonal rett eller praksis. Det vert enklare for arbeidsgjevarane å nytte dette direktivet dersom dei får rettleiing, når dei har behov for det, slik at dei lettare kan finne betre måtar å etterleve dette direktivet på.
- 29) Kommisjonen har rådspurt ACSH. Han har òg gjennomført eit samråd i to fasar med partane i arbeidslivet på unionsplan, i samsvar med artikkel 154 i traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen.
- 30) I fråsegnene sine viser ACSH til ein revisjonsperiode for bindande grenseverdiar for eksponering i arbeidet for fleire stoff, til dømes respirabelt støv av krystallinsk silisiumdioksid, akrylamid og 1,3-butadien. Kommisjonen skal ta omsyn til desse fråsegnene når han skal prioritere stoff med sikte på vitskapleg vurdering.
- 31) I fråsegna si om eldfaste keramiske fibrar er det semje i ACSH om at det er naudsynt med ein bindande grenseverdi for eksponering i arbeidet, men ACSH har ikkje lukkast i å kome fram til ei felles haldning om ein verdi. Kommisjonen bør difor oppmode ACSH til å leggje fram ei ajourført fråsegn om eldfaste keramiske fibrar med sikte på å kome fram til ei felles haldning om ein grenseverdi for dette stoffet, utan at det rører ved arbeidsmetodane til ACSH og den uavhengige stillinga til partane i arbeidslivet.
- 32) På arbeidsplassen vert menn og kvinner ofte utsette for ein kombinasjon av stoff som kan gje auka helserisiko og føre til skadeverknader, mellom anna på forplantingssystema deira, medrekna nedsett eller manglande forplantingsevne, og som kan ha ein negativ innverknad på fosterutvikling og amming. Reproduksjonstoksiske stoff er omfatta av unionstiltak som fastset minstekrav til vern av helsa og tryggleiken til arbeidstakarane, særleg dei som er fastsette i direktiv 98/24/EF og rådsdirektiv 92/85/EØF⁽⁷⁾. Reproduksjonstoksiske stoff som òg er kreftframkallande eller arvestoffskadelege, er omfatta av føresegnene i direktiv 2004/37/EF. Kommisjonen bør vurdere om det er behov for å utvide bruksområdet for dei tiltaka for vern av helsa og tryggleiken til arbeidstakarane som er fastsette i direktiv 2004/37/EF, til å gjelde alle reproduksjonstoksiske stoff.
- 33) Dette direktivet respekterer dei grunnleggjande rettane og etterlever dei prinsippa som er forankra i pakta til Den europeiske unionen om grunnleggjande rettar, særleg retten til liv og retten til rettferdige arbeidsvilkår, som er fastsette i høvesvis artikkel 2 og 31 i pakta.
- 34) Dei grenseverdiane som er fastsette i dette direktivet, skal reviderast jamleg i lys av gjennomføringa av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1907/2006⁽⁸⁾, særleg for å ta omsyn til samverknaden mellom grenseverdiar som er fastsette i medhald av direktiv 2004/37/EF, og DNEL-verdiar, som er dei avleidde nivåa utan verknad for farlege kjemikalier i medhald av den nemnde forordninga, med sikte på eit effektivt vern av arbeidstakarane.
- 35) Eitersom måla for dette direktivet, som er å betre arbeidsvilkåra for og verne helsa til arbeidstakarane mot særlege risikoar som følgjer av eksponering for kreftframkallande og arvestoffskadeleg stoff, ikkje kan nåast i tilstrekkeleg grad av medlemsstatane og difor på grunn av at omfanget og verknadene av direktivet betre kan nåast på unionsplan, kan Unionen vedta tiltak i samsvar med nærleiksprinsippet slik det er fastsett i artikkel 5 i traktaten om Den europeiske unionen. I samsvar med prinsippet om rimeleg samhøve, slik det er fastsett i den nemnde artikkelen, går ikkje dette direktivet lenger enn det som er naudsynt for å nå desse måla.
- 36) Eitersom dette direktivet gjeld vern av helsa og tryggleiken til arbeidstakarar på arbeidsplassen deira, bør det innarbeidast innan to år etter datoen då det tek til å gjelde.
- 37) Direktiv 2004/37/EF bør difor endrast.

⁽⁷⁾ Rådsdirektiv 92/85/EØF av 19. oktober 1992 om iverksetting av tiltak som forbedrer helse og sikkerhet på arbeidsplassen for gravide arbeidstakere og arbeidstakere som nylig har født eller som ammer (tiende særdirktiv i henhold til artikkel 16 nr. 1 i direktiv 89/391/EØF) (TEF L 348 av 28.11.1992, s. 1).

⁽⁸⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1907/2006 av 18. desember 2006 om registrering, vurdering og godkjenning av samt begrensninger for kjemikalier (REACH), om opprettelse av et europeisk kjemikaliebyrå, om endring av direktiv 1999/45/EF og om oppheving av rådsforordning (EØF) nr. 793/93 og kommisjonsforordning (EF) nr. 1488/94 samt rådsdirektiv 76/769/EØF og kommisjonsdirektiv 91/155/EØF, 93/67/EØF, 93/105/EF og 2000/21/EF (TEU L 396 av 30.12.2006, s. 1).

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

I direktiv 2004/37/EF vert det gjort følgjande endringar:

1) I artikkel 6 skal nytt ledd lyde:

«I rapportane som medlemsstatane sender over til Kommissjonen i medhald av artikkel 17a i direktiv 89/391/EØF, skal dei ta omsyn til opplysningane i bokstav a)–g) i første leddet i denne artikkelen.»

2) I artikkel 14 vert det gjort følgjande endringar:

a) Nr. 1 skal lyde:

«1. Medlemsstatane skal gjere tiltak i samsvar med nasjonal rett eller praksis for å sikre tilstrekkeleg helseovervaking av arbeidstakarane når resultata av den vurderinga som er nemnd i artikkel 3 nr. 2, viser ein risiko for helsa eller tryggleiken deira. Den lækjaren eller styresmakta som er ansvarleg for helseovervaking av arbeidstakarane, kan rå til at helseovervakinga skal halde fram etter at eksponeringa er over, så lenge det vert rekna for å vere naudsynt for å verne helsa til den arbeidstakaren som det gjeld.»

b) Nr. 8 skal lyde:

«8. Alle tilfelle av kreft som i samsvar med nasjonal rett eller praksis kan tilskrivast eksponering for eit kreftframkallande eller arvestoffskadeleg stoff i samband med arbeidet, skal meldast til den rette styresmakta.

I rapportane som medlemsstatane sender over til Kommissjonen i medhald av artikkel 17a i direktiv 89/391/EØF, skal dei ta omsyn til opplysningane i dette nummeret.»

3) Ny artikkel skal lyde:

«Artikkel 18a

Vurdering

Som ein del av neste vurdering av gjennomføringa av dette direktivet i lys av den vurderinga som er nemnd i artikkel 17a i direktiv 89/391/EØF, skal Kommissjonen òg vurdere behovet for å endre grenseverdien for respirabelt støv av krystallinsk silisiumdioksid. Kommissjonen skal eventuelt kome med framlegg til naudsynte endringar som gjeld dette stoffet.

Kommissjonen skal seinast i første kvartalet i 2019, og samstundes som han tek omsyn til den siste utviklinga i den vitenskaplege kunnskapen, vurdere om det er aktuelt å endre verkeområdet for dette direktivet til å omfatte reproduksjonstoksiske stoff. På dette grunnlaget skal Kommissjonen eventuelt kome med eit framlegg til regelverk, etter å ha rådspurt partane i arbeidslivet.»

4) I vedlegg I skal nytt nummer lyde:

«6. Arbeid som medfører eksponering for respirabelt støv av krystallinsk silisiumdioksid som vert danna som følgje av ein arbeidsprosess.»

5) Vedlegg III vert bytt ut med teksta i vedlegget til dette direktivet.

Artikkel 2

1. Medlemsstatane skal innan 17. januar 2020 setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks melde frå til Kommissjonen om teksta i desse føresegnene.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunnngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommissjonen teksta til dei internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

Artikkel 3

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Artikkel 4

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Strasbourg 12. desember 2017.

For Europaparlamentet

A. TAJANI

President

For Rådet

M. MAASIKAS

Formann

—

VEDLEGG

«VEDLEGG III

Grenseverdier og andre direkte tilknytte føresegner (artikkel 16)

A. GRENSEVERDIAR FOR EKSPONERING I ARBEIDET

Namn på agensen	EF-nr. ⁽¹⁾	CAS-nr. ⁽²⁾	Grenseverdier ⁽³⁾			Merknad	Overgangstiltak
			mg/m ³ ⁽⁴⁾	ppm ⁽⁵⁾	f/ml ⁽⁶⁾		
Støv frå harde tresortar	—	—	2 ⁽⁷⁾	—	—	—	Grenseverdi: 3 mg/m ³ til 17. januar 2023
Sekstverdige kromsambindingar som er kreftframkallande stoff slik det er definert i artikkel 2 bokstav a) i) (som krom)	—	—	0,005	—	—	—	Grenseverdi: 0,010 mg/m ³ til 17. januar 2025 Grenseverdi: 0,025 mg/m ³ for sveise- eller plasmaskjeringsprosessar eller liknande prosessar som fører til røyk, til 17. januar 2025
Eldfaste keramiske fibrar som er kreftframkallande stoff slik det er definert i artikkel 2 bokstav a) i)	—	—	—	—	0,3	—	
Respirabelt støv av krystallinsk silisiumdioksid	—	—	0,1 ⁽⁸⁾	—	—	—	
Benzen	200-753-7	71-43-2	3,25	1	—	Hud ⁽⁹⁾	
Vinylkloridmonomer	200-831-0	75-01-4	2,6	1	—	—	
Etylenoksid	200-849-9	75-21-8	1,8	1	—	Hud ⁽⁹⁾	
1,2-epoksypropan	200-879-2	75-56-9	2,4	1	—	—	
Akrylamid	201-173-7	79-06-1	0,1	—	—	Hud ⁽⁹⁾	
2-nitropropan	201-209-1	79-46-9	18	5	—	—	
o-toluidin	202-429-0	95-53-4	0,5	0,1	—	Hud ⁽⁹⁾	

Namn på agensen	EF-nr. ⁽¹⁾	CAS-nr. ⁽²⁾	Grenseverdier ⁽³⁾			Merknad	Overgangstiltak
			mg/m ³ ⁽⁴⁾	ppm ⁽⁵⁾	f/ml ⁽⁶⁾		
1,3-butadien	203-450-8	106-99-0	2,2	1	—	—	
Hydrazin	206-114-9	302-01-2	0,013	0,01	—	Hud ⁽⁷⁾	
Brometylen	209-800-6	593-60-2	4,4	1	—	—	

⁽¹⁾ EF-nummer, dvs. Eines, ELINCS eller NLP, er det offisielle nummeret til stoffet i Den europeiske unionen, slik det er definert i del 1 avsnitt 1.1.1.2 i vedlegg VI til forordning (EF) nr. 1272/2008.

⁽²⁾ CAS-nummer: Chemical Abstract Service Registry Number.

⁽³⁾ Målt eller utrekna i høve til ein referanseperiode på åtte timar.

⁽⁴⁾ mg/m³ = milligram per kubikkmeter luft ved 20 °C og 101,3 kPa (760 mm kvikksølvtrykk).

⁽⁵⁾ ppm = milliondelar etter volum i luft (ml/m³).

⁽⁶⁾ f/ml = fibrar per milliliter.

⁽⁷⁾ Inhalerbar fraksjon: Dersom støv frå harde tresortar vert blanda med anna trestøv, skal grenseverdien gjelde for alt trestøv som finst i stoffblandinga.

⁽⁸⁾ Respirabel fraksjon.

⁽⁹⁾ Risiko for ein vesentleg auke av den samla påkjenninga på kroppen gjennom eksponering av huda.

B. ANDRE DIREKTE TILKNYTTE FØRESEGNER

p.m.»

—